



Erik Herredsvela  
Sagstadvegen 144  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1997 - 17/17856

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
12.09.2017

## Godkjenning- Søknad om oppføring av garasje til gbnr 19/51, Sagstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 247/2017**

**Tiltakshavar:** Erik Herredsvela  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4

### **SAKSUTGREIING:**

#### Saka gjeld:

Eirik Herredsvela har søkt om oppføring av garasje som eit tilbygg til einestad på gbnr 19/51. Garasjen er opplyst med ei grunnflate på 34,5 m<sup>2</sup>.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 18.8 og 21.8.2017.

Statens vegvesen har med heimel i veglova §§ 30 og 34 gitt dispensasjon frå byggegrense på 50 meter til fylkesveg 244, i skriv datert 25.8.2017.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 29-6 – 15.8.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av garasje som eit tilbygg til eksisterande bustad er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a) og c), og er søknadspliktige tiltak som kan forestås av tiltakshaver, jf. pbl § 20-4.

Den omsøkte egedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen (KPA), med status som LNF spreidd bustad, jf. tabell 9.1 i føresegn 3.2.3 til KPA.

Føresegn 3.2.1 til KPA angjev tiltak som kan tillatast i samsvar med eksisterande bruk, utan at det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF. Dette gjeld blant anna tilbygg med samla bruksareal (BRA) på inntil 100 m<sup>2</sup>.

Det er i dette tilfellet søkt om løyve til oppføring av garasje på 34,5 m<sup>2</sup> som blir eit tilbygg til bustaden. Dette er innanfor det føresegn 3.2.1 til KPA opnar for i samsvar med eksisterande bruk på egedomen, og kan difor tillatast.

#### Fritak frå TEK17:

Tiltakshavar opplyser at ringmur på garasje skal førast opp på eksisterande mur med forskalingsblokker, og søker vidare om fritak frå TEK17.

I forhold til energikrav for garasjar vert det vist til TEK10 § 14-1, og administrasjonen vurderer at tiltaket kan godkjennast som omsøkt, utan at det treng fritak frå energikrav.

I forhold til brannspredning og brannceller mellom bustad og garasje er kravet satt i TEK 17, jf. kap. 11 absolutt.

#### Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd.

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstand kravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 18.8.2017.

#### Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

#### VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 løyve til oppføring av garasje som tilbygg til bustad på 34,5 m<sup>2</sup> på gbnr 19/51 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellov. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigeedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar

Søknad om tiltak utan ansvarsrett GBNR 19/51

Tilleggsopplysningar byggesøknad